



Dei nye kornettistane Thea, Ida Marie, Amalie og Camilla (Foto: Thor Inge Døssland)

Neste veke er det slutt på skuleferien.

Dermed er det og start på ein del aktivitetar. Torsdag 18.auguster det klart for første øvinga for dei nye aspirantane i skulemusikken.

Veldig gledeleg er det at heile 9 unge gitar og jenter begynnar på instrumentopplæringa då.

Det er det høgste aspiranttalet skulemusikken har hatt dei siste 10 åra.

Monica T. Storevik i styret opplyser at dei 9 vert fordelt på tre grupper med instrumenta baryton, althorn og kornett. Læraren deira heiter Ingrid Leiråmo, er 28 år, har trompet som hovudinstrument og er nyttilsett i kulturskulen. Øvingane startar rett etter skuletid om torsdagane, og aspirantane vil få brev frå kulturskulen om oppmøtetid med meir.

Før sist sesong såg det mørkt ut for skulemusikken, men styret gjorde grep og gjennom fjorårssesongen vart det tydeleg at dette var særst vellukka. Tor Skeie Olsen har ei svært heldig hand om dirigentjobben. Han er både populær og dyktig, og miljøet i korpset er særst godt. Før, og i løpet av sesongen, fekk korpset inn mange unge og læringsvillige musikarar. I tillegg har korpset eisolid grunnstamme av erfarne musikarar, i ungdomsskule- og vidaregåande-alder, som held høgt nivå. Styret håpar og at nokre som ikkje har spelt ein periode, kan gjere comeback og støtte opp om aktiviteten på den måten. Det er viktig atvi no er tålmodige for med denne dyktige dirigenten vil korpset innan få år halde høgt nivå. Å lære å spele eit instrument tar tid, men vert kjekkare og kjekkare di flinkare ein vert!

Det er absolutt grunn til å gje Tor Skeie Olsen, Monica T. Storevik, Anne K.Rørheim og rekneskapsfører Randi Nybakk honnør for at dei har stått i bresjen for denne snuoperasjonen i skulemusikken. Vi er og stolt av dei flotte musikarane i korpset.

Skulekorpset startar med vanlege øvingar tirsdag 23.august.

Øvingstida vert somfør frå kl.18 til 20. Det vert forhåpentlegvis starten på ein oppløftande sesong.

Av Thor Inge Døssland